REGIONALT FORSKINGSFOND
VESTLANDET

Handlingsplan

2019

Vedteken i styremøtet 13. desember 2018



Innhald

1. Overordna føringar 3

1.1. Formålet med regionale forskingsfond 3

1.2 Føringar frå fylkestinga og prioriterte tema 3

1.3 Rammeverk og tidsperiode for handlingsplanen 4

2. Søknadstypar 4

2.1 Felles krav for alle søknadstypar 4

2.2 Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) 5

2.3 Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt) 6

2.4 Regionale offentlige prosjekt 6

2.6 Vurderingskriterium 6

3. Prioriterte forskingstema og organisering av utlysingar i 2019 7

3.1 Tema for utlysingar 2019 7

3.1.1 Innovasjon i bedrifter – fleire tema 7

3.1.2 Innovasjon i kommunal sektor 8

3.2 Plan for utlysingar 2019 9

4. Budsjett 10

4.1 Budsjett og fordeling av midlar på utlysingar i 2019 10

5. Operative mål 10

5.1 Forskingsfinansiering 10

5.2 Mobilisere søkjarar og styrke søkjarkompetanse 11

5.3 Kommunikasjon og forskingsformidling 11

5.4 Samhandling med andre fond og virkemiddel 11

1. Overordna føringar

1.1. Formålet med regionale forskingsfond

Kunnskapsdepartementet har fastsett at formålet med regionale forskingsfond er å

- Styrke forsking for regional innovasjon og regional utvikling
- Mobilisere til auka FoU-innsats i regionane
- Bidra til auka forskingskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane
- Skape utviklings- og læringsarenaer der regionale erfaringar kan verte drøfta i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktivitet.
- Sørgje for tett samspill mellom aktivitet i regionane og deira relasjon til andre nasjonale og internasjonale programmer og aktivitetar

1.2 Føringar frå fylkestinga og prioriterte tema

Alle dei tre fylkestinga vedtok i desember 2015 bestilling til styret for Regionalt forskingsfond (RFF) Vestlandet. Bestillinga er meint å gjelde for valperioden 2015 – 2019

Hovudføringar i bestillinga

RFF Vestlandet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

Prioriterte forskingstema:

RFF Vestlandet skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forsking innan desse tema:

- Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.
- Sterke næringsmiljø på heile Vestlandet. Det skal også vere ei særleg merksemd på industrialisering og vidareforedling av råvarer.
- Bærekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi
- Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane
- Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom offentlege og bedriftsretta prosjekt.

Tematiske tilleggsføringar frå to av fylkestinga

Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Rogaland:

- Teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-oppgraderinger, 3D).

Rogaland:

- Teknologiutviklingsbasert fartøy med hel eller delvis elektrisk framdrift

1.3 Rammeverk og tidsperiode for handlingsplanen

Styret skal leggje Kunnskapsdepartementet sine retningsliner og fylkestinga si bestilling til grunn for sine prioriteringar i handlingsplan. Handlingsplanen skal klårgjere tematisk fokus, økonomiske rammer og opplegg for utlysing av midlar.

Denne handlingsplanen gjeld for 2019. Dette er siste år med etter gjeldande bestilling frå fylkestinga på Vestlandet. Frå 2020 er det venta at dei regionale forskingsfonda vert delt inn etter dei nye fylkesgrensene. Kunnskapsdepartementet skal i løpet av 2019 bestemme nye retningsliner for ordninga.

Departementet sine retningsliner og vedtak i fylkeskommunane vil avgjere om det er grunnlag for vidare samarbeide om styre, sekretariat og utlysingar på lik line med dagens RFF Vestlandet.

2. Søknadstypar

Regionale forskingsfond nyttar søknadstypar som er utarbeidd i samarbeid med Noregs forskingsråd og sidan fastsett av Kunnskapsdepartementet. Det er opp til kvart fond å velje mellom søknadstypane. Føringa i gjeldande bestillingsbrev frå fylkestinga er at fondet som hovudregel skal nytte desse tre søknadstypane:

- Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt)
- Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt)
- Regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt)

Knytt til spesielle satsingar eller tema for utlysing kan det vere behov for å nytte andre søknadstypar som t.d. Regionale forskarprosjekt eller Regionale Institusjonsprosjekt. Fondsstyret kan i desse tilfella opne opp for dette.

2.1 Felles krav for alle søknadstypar

For alle søknadstypane gjeld desse krava:

- Prosjektansvarleg søkjar må vere lokalisert i fondsregionen (Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane).
- Prosjektansvarleg søkjar skal alltid vere registrert med organisasjonsnummer.
- Bedriftsutlysingar:
  - Prosjektansvarleg kan vere enkeltbedrifter eller samanslutning av bedrifter.
  - Søkjar må dokumentere at dei har knytt til seg personar med forskingskompetanse og erfaring med forsking og/eller at dei samarbeider med forskingsinstitusjon/ar i eller

utanfor fondsregionen
- Utlysingane retter seg særleg mot små og mellomstore bedrifter.
- Dersom store bedrifter søkjer, må dei ha prosjektsamarbeide med ei eller fleire SMB-bedrifter i regionen.
- Definisjon av bedrift og størrelse følgjer EU sitt regelverk;

- Offentlege utlysingar: Søkjar er ein organisasjon innan kommunal sektor som samarbeider med forskingsinstitusjon/ar i eller utanfor fondsregionen. Med kommunal organisasjon er meint ein kommune, fylkeskommune eller ei samanslutning av slike.
- Dersom ei bedrift eller eit føretak som driv økonomisk aktivitert ved å tilby varer og/eller tenester i marknaden er partnar i prosjektet,
  vil Statsstøtteregelverket regulere kven som kan får støtte og støttegrad, samt kva type aktivitetar og kostnadar som kan verte støtta. Støtte vert gitt etter kategoriane "Industriell forsking" og "Eksperimentell utvikling". Støtte til ein forskingsorganisasjon sin ikkje-økonomiske aktivitet, vert ikkje rekna som statsstøtte. Det føreset at organisasjonen har tilfredsstillande rekneskapmessig skilje.
- Utrekning av eigenfinansierte kostnader skal følgje Forskingsrådet sine reglar. Dette gjeld særleg timekostnad for eigne tilsette, men også andre utgifter som kostnad knytt til bruk av eige utstyr etc
- Berre rekneskapsførte utgifter, her under innberetta løn, vert lagt til grunn for godkjenning av prosjektkostnader. Ulønna timar kan ikkje reknast som eigeninnsats i prosjekta. Fordeling av kostnader mellom partnarane som samarbeider i prosjektet vert dokumentert med faktura der også eigeninnsats går fram.
- Universitet, høgskular og forskingsinstitutt er leverandør av FoU-tenester. Dei skal fakturerer alle sine kostnadar til bedriftene i prosjektet.

2.2 Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt)

Kvalifiseringsprosjekta skal vere eit innleiande forskingsarbeide som bidrar til å utvikle forskings- og utviklingsprosjekt (FoU-prosjekt) hos søkarbedrifta/kommunar og deira samarbeidspartar. Målet med slike FoU-prosjekt er å støtte opp under innovasjon i bedrifter/kommunal sektor.

Viktige føringar for søknadstypen er:

- Støtte vert gitt for ein periode på inntil 12 månadar
- Fondet gir inntil 500.000 kroner i støttebeløp pr. prosjekt. Det er inga nedre grense for søknadsbeløp.
- Støtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet kan dekke inntil 50 % av godkjente kostnader i prosjektet og inntil 50% av kostnader per bedriftspartnar. Støtte vert gitt etter kategorien «Forundersøking» i statsstøtteregelverket.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester, leige av utstyr og relevante driftskostnader. Innkjøp av utstyr vert i hovudsak ikkje dekka.

2.3 Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt)

Regionale bedriftsprosjekt skal utløyse FoU-aktivitet som spesielt bidrar til forskingsdriven innovasjon i bedrifter.

Viktige føringar for søknadstypen er:

- Støtte vert gitt for ein periode på inntil 3 år
- Fondet gir inntil 3 millionar kroner i støttebeløp pr. prosjekt.
- Støtte vert gitt etter kategoriane «Industriell forsking» og «Eksperimentell utvikling» i statsstøtteregelverket, sjå: http://www.forskningsradet.no/no/Soknadstyper/1183468209217 Merk at store bedrifter har lågare statsstøtte en SMB-bedrifter.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og prosjektrelaterte utstyrs- og driftskostnader.
- Universitet, høgskular og forskingsinstitutt er leverandør av FoU-tenester og fakturerer alle sine kostnadar til bedriftene i prosjektet.

2.4 Regionale offentlige prosjekt

Regionale offentlige prosjekt skal styrke FoU-aktivitet i offentlege verksemder innanfor fondet sine prioriterte satsingsområde. Regionale offentlege prosjekt skal ta utgangspunkt i strategisk viktige problemstillingar for offentleg sektor og utløyse FoU-aktivitet som spesielt bidrar til forskingsdriven innovasjon hos prosjektpartnarane i offentleg sektor og deira brukarar. RFF Vestlandet rettar utlysinga inn mot kommunal sektor og deira forskingsbehov.

Viktige føringar for søknadstypen er:

- Støtte vert gitt for ein periode på inntil 3 år
- Fondet gir inntil 3 millionar kroner i støttebeløp pr. prosjekt.
- Støttegrad er inntil 70 % av godkjente kostnader i prosjektet.
- Dersom ei bedrift eller eit føretak som driv økonomisk aktivitert ved å tilby varer og/eller tenester i marknaden er partnar i prosjektet, vil Statsstøtteregelverket regulere kven som kan få støtte og støttegrad, samt kva type aktivitetar og kostnadar som kan verte støtta. Støtte vert gitt etter kategoriane «Industriell forsking» og «Eksperimentell utvikling», sjå: http://www.forskningsradet.no/no/Soknadstyper/1183468209217. Støtte til ein forskingsorgsnisasjon sin ikkje-økonomiske aktivitet, vert ikkje rekna som statsstøtte.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og relevante utstyrs- og driftskostnader.
- Det vert lagt særleg vekt på samarbeid, deling av forskingsresultat og formidling.

2.6 Vurderingskriterium

For Regionale bedriftsprosjekt og Regionale offentlege prosjekt følgjer faste vurderings-kriterium, som vert vurdert av fagekspertar:

- Innovasjonsgrad

- Verdiskapingspotensial for bedriftspartnarar/offentleg sektor
- Realisering av innovasjonen i bedriftspartnarar/offentleg sektor
- Forskingsgrad
- Prosjektkvalitet for FoU-prosjektet
- Gjennomføringsevne
- Forskinga si innovasjonsrelevans
- Samla vurdering

For regional kvalifiseringsstøtte vert følgjande vurdert av fagekspertar:

- Innovasjonsgrad og verdiskapingspotensial
- Forskingsinnhald – potensiale for ny kunnskap
- Prosjektkvalitet
- Gjennomføringsevne
- Opplegg for vidare forsking
- Samla vurdering

I tillegg vurderer administrasjonen moment som «regional relevans», «Etikk» «Miljøkonsekvensar», «Kjønn», «Formidling og kommunikasjon» og «Addisjonalitet» (utløysande effekt) av eventuell støtte vert vurdert for større søknadar. Dette vert presisert i den einskilde utlysing.

3. Prioriterte forskingstema og organisering av utlysingar i 2019

Gjennom bestillingsperioden (2016 – 2019) vi styret i Regionalt forskingsfond Vestlandet arbeide med å utvikle dei overordna føringane og prioriterte forskingstema i bestillinga til konkrete utlysingar av forskingsmidlar.

Dei tematiske prioriteringane for 2019 er i hovudsak vidareførte frå 2018

Med dette som utgangspunkt vert det lagt opp til følgjande utlysingsplan:

3.1 Tema for utlysingar 2019

3.1.1 Innovasjon i bedrifter – fleire tema

Regionale bedriftsprosjekt skal utløyse FoU-aktivitet som spesielt bidrar til forskingsdriven innovasjon i bedrifter.

Innovasjonar forstår vi her som nye eller vesentleg forbetra produkt, tenester, prosessar, produksjonsprosessar, organisasjonsformer eller forretningsmodellar med vidare, som vert tatt i bruk for å oppnå verdiskaping i næringslivet og for regionen.

Prosjekta skal bidra til eit berekraftig næringsliv, verdiskaping og å trygge eller bidra til nye arbeidsplassar på Vestlandet.

Fondet ønskjer å stimulere til klima- og miljøvenlege løysingar, industrialisering og vidareforedling av naturgitte og stadbundne råvarer frå regionen.

Søknader må vidare rette seg inn mot eit av desse deltema:

Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan hanæringar og energinæringar

Forskinga skal gjelde klima- og miljøvenlege innovasjonar innan
- Havnæringar
- Energinæringar
- Andre næringar, når ein nyttar teknologi og/eller kompetanse frå havnæringar eller energinæringar

Fondet vil innan dette temaområdet også stimulere til teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar.

Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi

Forskinga skal gjelde innovasjonar innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi

Fondet vil innan dette temaområdet også stimulere til teknologiutvikling basert på digitale forretningsmodellar.

Søknadstypane for dette utlysingstemaa er Regional kvalifiseringsstøtte og Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt).

3.1.2 Innovasjon i kommunal sektor

Kommunar og fylkeskommunar definerer sjølve tema kva dei ønskjer forsking på, knytt til innovasjonsbehov og -prosessar i eigne ansvars- og tenesteområde.

Innovasjonar forstår vi her som nye eller vesentleg forbetra varer, tenester, prosesser, organisasjons- og styringsformer eller konsepter som vert tatt i bruk for å oppnå verdiskaping og/eller samfunnsnytte.

Kommunar og fylkeskommunar er tenesteprodusentar og legg til rette for berekraftig samfunnsutvikling. Kommunal sektor står slik i første rekke til å møte nokre av dei mest krevjande samfunnsutfordringane i dag.

Kommunal sektor er sjølv i endring. Kommunereforma vil til dømes kunne gi endra rammer for kommunane sitt arbeid, nye utfordringar og nye kunnskapsbehov. Det er dessuten auka krav til samspel mellom tenesteområde og mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Norske kommunar har mykje til felles, men også ein del som skil dei frå kvarandre. Den vestnorske geografien, busettings- og næringsstrukturen set også ramma for mulegheiter og utfordringar i kommunale ansvarsområde. Regionale skilnader kan difor representere særlege utfordringar det er viktig å møte ved hjelp av forsking.

- Kommunane/fylkeskommunane er ansvarleg for gjennomføring av prosjekta
- Prosjekta skal vere forankra i kommunale mål, strategiar og kommunalt leiarskap i søkjarkommunen/ane og involvere den kommunale organisasjonen.
- Det kommunale engasjementet skal vere synleg i budsjettet (kostnader, finansiering)
- Spreiing av resultat til andre kommunar og andre relevante aktørar vert vektlagt

Søknadstypane for dette utlysingstemaet er Regional kvalifiseringsstøtte og Regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt).

3.2 Plan for utlysingar 2019

Regionalt forskingsfond Vestlandet må samordne søknadsfristar med Forskingsrådet og dei andre regionale forskingsfonda. Utlysing av regional kvalifiseringsstøtte vil som tildegare vere løpande. Andre utlysingar vil ha ein fastsett søknadsfrist, med februar som hovudsøknadsfrist.
Fondet legg skal ha slikt opplegg for utlysingane i handlingsplanen sin tidsperiode:

Utlysingstema	Søknadstype	2019 13. febr.	Løpande
Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan havnæringane og energinæringane	Kvalifiseringsstøtte Regionale bedriftsprosjekt	 X	X
Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi	Kvalifiseringsstøtte Regionale bedriftsprosjekt	 X	X
Innovasjon i kommunal sektor	Kvalifiseringsstøtte Regionale offentlege prosjekt	 X	X

Utlysinga av regional kvalifiseringsstøtte er løpande. Av praktiske grunnar er det sett ein dato for å nå behandling i neste styremøte. Etter vedtak i styret 12. september 2018 hadde første utlysing av budsjettmidlar for 2019 frist 1. november 2018. Seinare fristar vert 4. mars med vedtak på styremøte 12. april, 21. mai med behandling på styremøte 25. juni og 21. august med behandling på styremøte 26. september. Det er lite truleg at det vert midlar igjen til utdeling seinare på året.

4. Budsjett

4.1 Budsjett og fordeling av midlar på utlysingar i 2019

Den økonomiske ramma for 2019 vert gitt av Kunnskapsdepartementet i tilsegnsbrev. I tillegg kjem renter og disponible midlar frå 2018.

Ramma for 2019 er vedteken slik i Statsbudsjettet:

Ordinær løyving	kr 31 929 000
Forventa renter	kr. 1 071 000
Disponible midlar frå 2018	kr. 3 000 000

Samla disponibelt i 2019: Kr. 36 000 000

Fordeling av forventa budsjett for 2019:

Disponert til regional kvalifiseringsstøtte	**11 000 000**
Utlysing av hovudprosjekt med frist februar - Regionale bedriftsprosjekt - Regionale offentlege prosjekt	**22 000 000**
Administrasjon og styre	**3 000 000**
Sum	**36 000 000**

5. Operative mål

5.1 Forskingsfinansiering

Fondet vil finansiere kvalifiseringsprosjekt og større prosjekt innan dei tematiske områda for bestillinga.

Oversikt mål 2018-19	Mål 2018	Resultat 2018	Mål 2019
Kvalifiseringsprosjekt finansiert	30	33	20
Finansierte offentlege- og bedriftsprosjekt	6-8	8	7
Finansierte forskarprosjekt	0	0	0

5.2 Mobilisere søkjarar og styrke søkjarkompetanse

Fondet vil som tidlegare år aktivt mobilisere nye og tidlegare søkjarar til fondet sine utlysingar og andre relevante støtteordningar gjennom å:

- Årleg gjennomføre kombinerte informasjonsmøte og kurs i søknadsskriving, eller tilsvarande tiltak, før større utlysingar, i kvart fylke (gjennomført i 2018)
- Årleg arrangere minst eitt prosjektutviklingsverkstad i kvart fylke, i samarbeid med Forskingsrådet og/eller andre aktørar (gjennomført i 2018 for Rogaland og Hordaland)
- Aktivt løfte fram gode eksempel på søknadar, resultat og innovasjonar (gjennomført 2018 – gode eksempel vist på kurs/prosjektverkstad, årskonferanse og publisert på forskning.no)
- Informere om fondet på relevante møte, kurs og konferansar i dei tre fylka (gjennomført 2018)
- Informere om moglegheiter for forskingsfinansiering og kursring i prosjektutvikling og søknadsskriving gjennom fondet si nettside, nyhendebrev og andre kanalar (gjennomført 2018)
- Samarbeide tett med strategiske samarbeidspartnarar frå virkemiddelapparatet, næringsorganisasjonar, forskingsmiljø og andre offentlege aktørar for å nå ut til fondet sine målgrupper, inkludert kommunar (gjennomført 2018)

5.3 Kommunikasjon og forskingsformidling

Fondet har vedteke ein kommunikasjonsstrategi. I perioden vil desse tiltaka verte prioriterte:

- Årleg publisere 3 – 6 artiklar om forskingsprosjekt på forskning.no og/eller i andre medium (gjennomført 2018)
- Informere om pågåande forskingsprosjekt og resultat på fondet si nettside (gjennomført 2018)
- Sikre at prosjekt som har fått støtte gjennomfører formidlingsplanen i søknaden, inkludert dei ålment retta tiltaka (delvis gjennomført - forbetringspotensiale)
- Sende ut pressemeldingar og få ut informasjon om tildeling av midlar til nye forskingsprosjekt på fondet si nettside og nettsidene til fylkeskommunane (gjennomført 2018 for tildeling av hovudprosjekt i juni.)

5.4 Samhandling med andre fond og virkemiddel

Fondet vil legge vekt på å samordne aktiviteten inn mot andre relaterte finansieringsordningar. Fondet skal særleg koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunane sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse.

Det er særleg aktuelt å samarbeide med dei fylkeskommunale for mobilisering av fleire bedrifter til forsking (VRI Rogaland, VRI Sogn og Fjordane og MOBIFORSK Hordaland.

Vidare vil fondet søkje å mobilisere bedrifter og offentleg sektor til internasjonalt forskingssamarbeid og særleg deltaking i Horisont 2020. Forskingsfinansieringa vil til ein kvar tid bli vurdert i høve Statsstøtteregelverket, basert på system og metodar utvikla av Forskingsrådet.